



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 11.11.2015
Vår ref: 15/01251-8
Deres ref:

Høyring av søknad frå Kaupanger Hovedgård NILS JOACHIM KNAGENHJELM om driftskonsesjon for Myradn i Sogndal kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 40 50

E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter § 43 i lov om erverv og utvinning av mineralressurser (minerallova) frå Kaupanger Hovedgård Nils Joachim Knagehjelm (org.nr. 912 068 919), datert 9. juli 2015.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på DMFs heimeside: <http://www.dirmin.no/> under "Saker til høyring". Høyringsinstansane kan få tilsendt papirutgåve av søknaden ved førespurnad.

Høyringsfristen er **søndag 13. desember 2015**.

Søknaden

Myradn er lokalisert på del av gnr. 105 bnr. 2 i Sogndal kommune. Området omfattar eit areal på 35 dekar, og er i reguleringsplan Myradn, del av gnr. 105 bnr. 2, vedtatt 11.09.08, regulert til industri. Søker gjev opp at han har fått godkjenning frå Sogndal kommune, i BD-sak 378/14 datert 18.09.2014, til tomteopparbeiding og uttak av masseoverskot til mellom anna knusing og sortering til pukk i andre oppdrag.

Det er oppgjeve at anslått totalvolum i uttaket er 190 000 m³. Forventa årleg uttak er 50 000 m³. Massane er oppgjeve å bestå av gneis med innslag av anortositt-gabbroid. Som knust og sortert i pukk-fraksjonar er steinen, ifølgje søker, svært godt eigna til overbygning i veg og opparbeiding av byggetomtar. Om lag 35 000 m³ knust stein må reserverast/brukast til opparbeiding av tomteområdet innanfor regulert område, mens masseoverskotet er tenkt transportert til prosjekt med masseunderskot og overbygning, som grunneigar og entreprenør har utanfor regulert felt.

DMFs behandling av søknaden

Formålet med minerallova er å fremme og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling.

DMF er konsesjonsstyresmakt i saker med samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alle uttak av naturstein.



DMF sender søknadene, inkludert driftsplanar, på høyring til aktuelle høyringsinstansar jf. forvaltningslova § 17. Dette vil normalt vere grunneigaren og andre kjende rettshavarar, eigarar, drivarar og bebuarar og andre kjende rettshavarar på naboieigedommar som kan bli påverka, i tillegg til kommunen (kommunane), fylkeskommunen og statlege forvaltningsorgan.

Søkjaren får høve til å kommentere innkomne høyringsfråsegner før DMF gjer vedtak.

Innkomne konsesjonssøknader blir underlagde ei skjønsmessig prøving hos DMF før vi avgjer om vi skal gi driftskonsesjon. Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten, det vil seie om prosjektet verkar gjennomførleg økonomisk, om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, skal vi òg leggje vekt på

- kva innverknad tiltaket vil ha på verdiskaping og næringsutvikling
- kva innverknad tiltaket eventuelt vil ha på naturgrunnet for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- kva innverknad tiltaket vil ha på omgivingane og nærliggjande område under drifta
- kva konsekvensar ei utvinning vil ha for miljøet
- kva for planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

Dersom DMF gir driftskonsesjon, er det normalt knytt vilkår til denne, jf. minerallova 43. Vilkåra omfattar blant anna krav om driftsplan, økonomisk garanti osv.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gitt i medhald av minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgiving. Det er søkjaren som har ansvaret for å innhente slike løyve.

Nærmare om høyringsfråsegnene

Vi oppfordrar høyringsinstansane til å komme med grunngitte synspunkt på om DMF bør gi konsesjon eller ikkje, under dette komme med konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår som bør stillast med tanke på det ansvarsområdet den aktuelle instansen er sett til å forvalte. Frå private partar ber vi òg om innspel dei reknar som relevante ut frå konkrete forhold i den aktuelle saka. Dersom høyringsinstansen er kjend med forhold som ikkje er tilstrekkeleg klarlagde i søknaden, ønskjer vi opplysningar om det.

Generelle kommentarar knytte til arealbruk i området skal ikkje vurderast ved ein søknad om driftskonsesjon. Dette er sikra gjennom plan- og bygningslova. Synspunkt knytte til kommunens allereie vedtekne arealdisponering (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan) vil vi derfor ikkje leggje særleg vekt på ved vurderinga.

Vi ber kommunen spesielt informere oss snarast mogleg om det finst særleg påverka partar som ikkje står på adresselista

Uttaksområdet er regulert etter eldre plan- og bygningslov. Det følgjer av mineralloven § 1 at formålet med loven er å fremme og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning



og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling. Innafor ramma av § 1, skal forvaltning og bruk av mineralressursane etter mineralloven §2 blant anna ivareta omsynet til miljøet og de miljømessige konsekvensane av uttaket. Dette gjeld også kulturminner.

Det er registrert automatisk freda kulturminner i planområdet, og reguleringsplanen har føresegnar knytt til disse. Det er blant anna krav til arkeologiske undersøking før tiltak startast opp.

- DMF ber Sogn og Fjordane fylkeskommune opplyse om status for kulturminner og konsekvensar av uttaket
- DMF ber Sogndal kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane opplyse om det er kjente naturverdiar i området som bør belysast i saken.

Av erfaring vet vi at avrenning, støy og støv kan være utfordrande for nærmiljøet.

- DMF ber spesielt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane seie noko om eventuell forurseningsproblematikk som kan være viktig for å belyse saken.

Innsending av høyringsfråsegner

Vi ber om at høyringsfråsegna blir send innan fristen **13. desember 2015**, på e-post til **mail@dirmin.no** eller ordinær post til: **Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim.**

Delar av høyringsfråsegner kan bli siterte i vedtaket om å gi konsesjon eller ikkje. Dersom fråsegna er omfattande, er det derfor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Vennlig hilsen

Ingeborg Solberg
seniorrådgiver

Marit Ollestad
saksbehandler

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandler: Marit Ollestad



Mottakere:

Sogndal kommune	Postboks 153	6851 SOGNDAL
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863 LEIKANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsav. 2	6863 LEIKANGER
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863 LEIKANGER
AL Skogly	c/o Trude RamslandKaupangsvegen 63	6854 KAUPANGER
Skogen Eigedom AS	Vangestadvegen 11	6854 KAUPANGER
Hynning Eigedom AS	Bordvegen 17	6854 KAUPANGER
Sogn Eigedom AS	Elkjøp Stormarked Fagernes	2900 FAGERNES
Cecilie Knagenhjelm Aass	Ekelyveien 11 A	0374 OSLO
Anleggsservice AS	Bregnevegen 7	6854 KAUPANGER
Skarpeteig AS	Kongabergvegen 47	6856 SOGNDAL
Sunde Eigedom AS		6859 SLINDE
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Postboks 53	6801 FØRDE
DSB - Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103 TØNSBERG
Kopi til:		
Kaupanger Hovedgård	Strondi 2	6854 KAUPANGER